


Overgangsplan frå grunnskule til vidaregåande skule 2020-2024

*Samhandling om gjennomføring mellom Time
kommune, Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule
og Øksnevad vidaregåande skule*



OVERGANG FRÅ GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE SKULE

Fråfall kan ha store, negative konsekvensar for individ og samfunn. For samfunnet fører fråfall med seg store kostnader. Mange i gruppa som ikkje fullfører vidaregåande opplæring, får dårlegare levekår enn resten av befolkninga. Overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring er viktig å sikre. Det er intensjonen med denne planen

Fem /seks år etter at elevane har gått ut av grunnskulen måler ein gjennomføringsgraden for vidaregåande opplæring. Time og Klepp kommune har hatt eit formelt samarbeid med Bryne vidaregåande skule sidan 2017. Ein sette seg då mål om at 78% av elevane skulle fullføre og bestå vgs innan 5 år i 2020 og mål om at 80% skal fullføre og bestå innan 2024.

I 2018 var fullføringa for Rogaland 77,0%, Gjesdal 78,4%, Hå 73,3%, Klepp 78,5% og Time 74, 5% (Dette gjeld 2012 kullet og ein såg på fullføringa fem år etter at elevane gjekk ut frå grunnskulen. I 2019 var fullføringa for Rogaland 78,1%, Gjesdal 67,6%, Hå 78,3%, Klepp 78,5% og Time 77, 2%. Ein kan seie at mål om at 78% av elevane skulle fullføre og bestå vid. opplæring innan 2020 var nådd.

I 2020 har ein lagt om slik at ein no ser på fullføringa av vidaregåande opplæring for studieforbereidande utdanningsprogram etter 5 år og yrkesfagleg utdanningsprogram etter 6 år. I 2020 er det difor dei same elevane ein ser resultatata frå.

Kjelde: www.rogfk.no – Kvalitetsmelding 2019

Elevar f.1997 10.trinn 2013	Studieforbereidande utdanningsprogram		Yrkesfagleg utdanningsprogram		Totalt	
	%	elevar	%	elevar	%	elevar
Rogaland	88,7	3133	66,8	2952	78,1	6085
Gjesdal	81,6	87	55,4	101	67,6	188
Hå	91,1	101	70,8	171	78,3	272
Klepp	89,5	143	67,4	141	78,5	284
Time	83,9	112	71,2	125	77,2	237

Kjelde: www.rogfk.no - tal vil ein finne i Kvalitetsmeldinga til Rogaland fylkeskommune des.2020 Same elevkull som i 2019 fordi ein har lagt om til å sjå på gjennomføringsgrad etter 6 år på yrkesfagleg utdanningsprogram

Elevar f.1997 10.trinn 2013	Studieforbereidande Utdanningsprogram 5 år etter grunnskulen		Yrkesfagleg utdanningsprogram 6 år etter grunnskulen		Totalt 5/6 år etter grunnskulen	
	%	elevar	%	elevar	%	elevar
Rogaland	88,8%	3133	73,1%	2952	81,1%	6085
Gjesdal	81,6%	87	65,3%	101	72,9%	188
Hå	91,1%	101	74,9%	171	80,9%	272
Klepp	89,5%	143	70,9%	141	80,3%	284
Time	83,9%	112	79,2%	125	81,4%	237

Denne planen vart laga fyrst i 2017. Det er fyrst i 2024 ein vil sjå gjennomføringstala frå det kullet som gjekk ut av grunnskulen i våre kommunar i 2017. Eit viktig mål for kommunane er difor å få ein god overgang frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring der ein ser på fullføringa etter eit år på vidaregåande.

Slik ser tala ut for Jæren sine kommunar siste to år:

Elevar som gjekk ut av grunnskulen i 2018. (Elevar f.2002) Tal henta i 2019

Kjelde: www.rogfk.no

	Studieforberedande utdanningsprogram		Yrkesfagleg utdanningsprogram		Totalt	
	%	elevar	%	elevar	%	elevar
Rogaland	93,0		90,9		92,1	
Gjesdal	84,4	59	91,4	58	88,9	117
Hå	85,5	62	90,3	113	88,6	175
Klepp	95,9	73	92,2	103	93,8	176
Time	97,0	101	95,1	102	96,1	203

Elevar som gjekk ut av grunnskulen i 2019. (Elevar f.2003) Tal henta i 2020

Kjelde: www.rogfk.no

	Studieforberedande utdanningsprogram		Yrkesfagleg utdanningsprogram		Totalt	
	%	elevar	%	elevar	%	elevar
Rogaland*	92,1		82,4		87,2	-
Gjesdal	94,8	58	90,8	65	92,7	123
Hå	91,5	59	88,0	108	89,2	167
Klepp	91,4	93	91,2	125	91,3	218
Time	96,9	65	84,3	102	89,2	167

I 2019 hadde Time og Klepp god gjennomføring av VG1 for elevane som gjekk ut av grunnskulen. Ein har over snittet i Rogaland.

I 2020 er snittet for Rogaland lågare enn andre år. Samanlikna med snitt i Rogaland har alle fire Jær-kommunane god gjennomføring av Vg1 for skuleåret 2019/2020

I Time, Hå og Klepp var det i 2019 over 70% av elevane som valgte Bryne vidaregåande skule. Det var totalt 675 elevar frå dei fire kommunane som valte offentleg vid.skule. Gjesdal sendte flest elevar til Gand (30%), Sandnes (28%) og Bryne (16%) Sandnes, Gand og Vågen er dei skulane flest elevar frå Jæren vel utanom Bryne vidaregåande skule. Totalt 26 elevar av 675 valde Øksnevad.

Tryggheim vidaregåande og andre private skular har og elevar frå dei fire kommunane. Tala frå private vidaregåande skular er med i gjennomføringsstatistikken etter 5/6 år.

Erfaringar så langt viser at tidleg innsats og tett oppfølging hjelper elevar til å meistra skulegang og livet. Med tidleg innsats meiner vi her alle overgangar; barnehage-skule, barneskule-ungdomsskule, ungdomsskule-vidaregåande skule. All data og erfaring som vi kan henta frå ulike prosjekt syner mykje det same. Elevar som har falle frå fortel om:

- lite oppfølging
- skulk
- fråvær utan at nokon grip tak i det
- hjelp og interesse frå andre kjem for seint og lenge etter at dei har kome inn i ein vond spiral.

Overordna mål:

Sikra at alle elevar /ungdommar får ei utdanning som kvalifiserer dei for eit yrke eller til vidare utdanning.

Delmål undervegs:

1. 82 % av elevane våre skal fullføra og bestå vidaregåande opplæring etter 5 år (studie) / 6 år (yrkesfagleg) i 2024
2. Gjennomføringa av Vg1 for våre elevar skal vera høgare enn snittet i Rogaland
3. Samhandla på systemnivå for å redusera behov for oppfølging på individnivå. Felles kommunikasjon via Teams.
4. Felles utvikling av praksis og erfaringsutveksling i kompetanseutvikling i utvalde fag mellom grunnskule og vidaregåande skule

Bakgrunnen for planen:

Både kommunane og dei vidaregåande skulane ser behovet for ein tett overgang mellom ungdomstrinn og vidaregåande skule. Evalueringar i arbeidet frå 2017-2020 syner at planen har vore viktig for å sikre systematisk arbeid mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule. Jærkommunane har over 70% av elevane til Bryne vidaregåande skule.

Elevane vert kjende med personane som skal følgja dei opp på vidaregåande, og dette skaper tryggleik og gjer dei for alvor merksame på at det heile tida vil vera vaksne som vil følgja med i korleis det går med dei.

Arbeidet har fram til 2020 vore drive av Bryne vidaregåande og ungdomsskulane i Klepp og Time. Framover vil Øksnevad vidaregåande skule vera del av den vidare samhandlinga

Ein kritisk overgang er på yrkesfag i 2.vidaregåande og over i læretid i bedrift. Det må etablerast eit nærare samarbeid, med NAV og Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule, for betre oppfølging av lærlingane.

Tiltak og ansvar på ulike arenaer for oppfølging:

Skuleeigar skal:

Organisera og ha eit system som skaper møteplassar for å sikra at fleire elevar gjennomfører vidaregåande skule, og at utviklinga vert følgt opp.

Systemarbeid i kommunane

- **«Glidelåsen» i Klepp;** eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen om elevar i faresona. Opplegget er eit tverretatleg samarbeid mellom skule, barnevern, helse og PPT for å finna fram til aktuelle elevar til Glidelåsen. Elevane vert godkjende av fylkeskommunen. Frå skulestart om hausten vert dei tett følgde opp med møte mellom vidaregåande skule, elev, føresette og to kommunalt tilsette som følgjer tett opp heilt frå våren før eleven startar på vidaregåande.
- Klepp arrangerer kvart år «Mulighetsdagen» i januar for 9.trinn.
- **«Tett på» i Time;** System på 8.-10.trinn for avdekking og oppfølging av elevar som er i gråsona. Systematisk oppfølging og analyse av kva elevar som kjem inn under eit eller fleire av følgjande kriterie- høgt fråvære, grunnskulepoeng under 30, karakternivå i faga kroppsøving og matematikk, psykososiale problem,/oppfølging av helsesyster. Gjeld ikkje elevar etter § 5.1 i opplæringslova. På 10.trinn vert det samhandla med Bryne vgs og Øksnevad vgs for elevar som har underteikna avtale om «Tett på».
 - Dybdesamtale etter eigen mal med den einkilde eleven for å kartleggja årsak og finna deira behov ift oppfølging
 - Systematisk oppfølging av fråvære- eigen plan
 - Oppfølging gjennom eigne møter på 8.-10.trinn med sosiallærer/helsesjukepleiar/representant frå ungdomsteamet
 - For elevar i 10. trinn vert det saman med sosiallærer og representant frå ungdomsteamet (UT) gjennomført møte med elev og føresett med spørsmål om å underteikna avtale om «Tett på» med tiltak om oppfølging over i vgs.
 - Tilbod om sommarjobb for fem ungdommar som har underteikna avtalen «Tett på»
 - Oppfølging av representant frå ungdomsteamet gjennom vgs. Los i Nav vert saman med "UT" del av oppfølginga frå 2. vgs

Skuleeigar sitt ansvar:

- Setja overgangsarbeid på dagsorden på leiarmøte
- Ha overgangsarbeid som tema på dialogmøte med skulane
- Ha klare ansvarsområde i årshjulet

Ungdomsskulane sitt ansvar:

Rektor må leggja føringar for både systemarbeid og kva som skal gjerast inn mot einskildelevar. Det må ikkje vera opp til kvar sosiallærer eller kontaktlærer å avgjera når barnevern, PPT, helsesøster eller andre hjelpeinstansar må involverast. Sosiallærer og kontaktlærer må ha ei sentral rolle gjennom den daglege kontakten med eleven.

Relasjonar og relasjonsbygging må vektleggjast. Både erfaring og forskning syner at relasjonsbygging mellom elev og lærar/vaksen er suksessfaktor for å kunne lukkast i arbeid med elevar. Det gjeld både i læring og i arbeid med å få elevar til å fullføra eit utdanningsløp.

Det er både ei utfordring og ei vanskeleg oppgåve å gjera dette tidsnok.

Ei målsetting må vera å vri meir av tidsbruken frå drøfting av einskildelevar til drøfting av elevgrupper i faresona og korleis ein heile tida kan arbeida for å få dei til å koma seg vidare. Slik tverrfagleg og tverretatleg drøfting kan vera ein suksessfaktor for tidleg innsats, men skulen må villa det og setja av tid til det. Rektor må prioritera at dette arbeidet blir gjort.

Systemnivå:

- Ressursgrupper/tidleg innsats
- Trinnmøter med alle lærarane som arbeider i og med klassen- status i elevgruppa

Vidaregåande skule sitt ansvar:

Systemnivå:

Ressurslagsmøte: nettverket består av OT, sosialpedagogisk rådgjevar, skulehelsetenesta, PPT, avdelingsleiar, spes.ped.rådgjevar som arbeider med oppfølging av enkeltsaker både på individ og systemnivå. Målet er å setja i gang tiltak

- Utarbeider og reviderer systemdokument som t.d. Handlingsplan for godt psykososialt miljø § 9a. Handlingsplan for rus. Handlingsplan for Psykisk helse (under utforming)
- Kompetanseutvikling av alle lærarane, spor 3 (nullvisjonen), klasseleiing og kompetanseheving på psykisk helse.
- Handlingsplan saman med politiet for å forebygge rus m.m
- Klasselærarråd med spesiell oppfølging av elevar, elevar med IOP, behov for tett oppfølging eller støtte. Ein ser særleg på fråver, orden og åtferd, og det blir alltid skrive referat frå møta.
- Avdelingsleiar, kontaktlærer, sosialpedagogisk rådgjevar og spesialpedagog har møte kvar 6. veke for å samarbeide om elevar i forhold til å følgja opp fråvær, psykisk helse og klasselæringsmiljø. Alle elevane i klassen blir gjennomgått, ein set i verk tiltak for dei elevane som treng det.

- Makkerskap for å skapa tryggleik og trivsel. Elevane får fast plass med namnet sitt på pulten. Kvar elev er i makkerpar og makkergruppe på fire elevar.
- Psykisk helse: Opplegget leggjast inn i planane tidleg på hausten for alle trinn. Markering av Verdsdagen for psykisk helse med stands, film og opplegg i klassane på VG1
- Kurs i regi av PPT og skulehelsetenesta, eige opplegg for russ og eige opplevv for Schizofrenidagane.

Individnivå:

Støttefunksjonar alt etter kva som er eleven sin vanske. Sos.ped.rådgjevar, you-rådgjevar, spes.ped rådgjevar, helsesjukepleiar eller andre i støtteapparatet rundt eleven vil vera aktive i høve til ei bekymringsmelding frå kontaktlærar.

Samhandling mellom grunnskule og vidaregåande skule

- Felles kompetanseutvikling mellom grunnskule og vgs; ei fagsamling i halvåret. Norsk, engelsk, matematikk og 2. framandspråk, psykisk helse
- VGS utformar enkle halvårlege rapportar på status knytt til elevar som har avtalar. (Glidelås og Tett på elevar)Vert delt med skuleeigar på grunnskulenivå. Fast tema på det årlege evalueringsmøtet.
- Evaluera overgangsarbeidet årleg
- Rutinar for oppfølging av «Flying start» (Bryne vgs) / Bli kjent dagar (Øksnevad) der både grunnskulen og vidaregåande skule motiverer og følgjer opp eleven
- Helsesjukepleiar avklarar med einskildelevar om dei ønskjer at informasjon skal overleverast til vgs i mai
- Overføringsmøte i mai mellom skulane om einskildelevar
- Arrangera «forkurs» (Flying start /Bli kjent dag) i samarbeid med grunnskulen

Årshjul for oppfølging og samhandling:

Årshjul	Aktivitet	Ansvar	Merknad/ Vedlegg
August	Ved skulestart: Dei som har søkt Vg1 og ikkje møter opp, vert følgde opp i samarbeid med Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule (OT). OT melder til kommunens rep.	Oppfølgingstene sta i vidaregåande skule	
August	Elevar som ikkje søker VGS eller takkar NEI til skuleplass, vert kontakta. Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule følgjer opp. Kommunens rep må informerast	Oppfølgingstene sta i vidaregåande skule	
September	Møte mellom grunnskular og vidaregåande skular for å evaluera og drøfta overgangsarbeidet.	Skuleleiger	Klepp ansvar 2020
	Evaluering av «Flying start»(Bryne vid) og «Bli kjent dagar» (Øksnevad)		Time ansvar 2021
September / oktober og/eller januar	Fagkveld på ungdomsskolen for 10. trinnforeldre der dei får informasjon om søkeprosess m.m. i høve til VGS.	Rådgjevar Helsesjukepleier Sosiallærar	
Oktober	Interkommunal fagdag (halv dag) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga matematikk, norsk, engelsk og framandspråk; eit fag kvart halvår.	Bryne vid skule Arb.gruppe med lærar frå Time, Klepp, Øksnevad og BVGS	Hausten 20 Norsk Hausten 21 Psykisk helse Hausten 22 Engelsk
Oktober	Møte mellom kommune og vidaregåande skule om elevar som vert særskilt følgt opp	Kommunen har ansvar for innkalling	«Tett på» Time «Glidelåsen» Klepp
Oktober / januar	Utdanningsval m/ hospitering på VGS. «Ope Hus» på VGS. Ta del i yrkesmesser og andre arrangement	Rektor Rådgjevar	
November /desember	Inntaksmøte om søknads- og opptaksprosess for rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule.	Rådgjevar	Rogaland fylkeskommune
Jan-mars frå 9.- 10.klasse	Informasjon til elevar om årsplan, UTV, søknadsprosedyrer til VGS.	Rådgjevar	
Januar	Avklare kva elevar på 10.trinn som treng avtale om særskilt tilrettelegging i	Rektor Ungdomskoordinator/ nator/	«Tett på» Time «Glidelåsen» Klepp

	overgangen ungdomsskule- vidaregåande opplæring.	rep ungdomsteam Rådgjevar Helsesjukepleier	
Februar	Møte mellom fagstab/barn og unge, rådgjvarar og sosiallærarar om kva elevar som har underteikna avtale.	Skuleeigar Rektor Ungdomskoordinator/ rep ungdomsteam Rådgjevar Helsesjukepleier	Tett på» Time «Glidelåsen» Klepp- melde frå til fylkeskommunen om aktuelle elevar
Fram til 1.mars	Karrieresamtalar / rettleiing til elevar på 10. trinn både individuelt og i grupper	Rådgjevar	
April Merk Dette møtet bør vera før påske	Interkommunal fagdag (halv dag) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga norsk, matematikk, psykisk helse, engelsk og framandspråk; eit fag kvart halvår.	Bryne vid skule Arb.gruppe med lærar frå Time, Klepp, Øksnevad og BVGS	Våren -21 Matematikk Våren -22 2. fr.språk
Innan 1.mai	Ha på plass dei som skal følgje opp elevane, samtykkjeerklæring og utfylt kontaktskjema for «Glidelåselevar». Dette sendast fylkeskommunen.	Rådgjevarar Klepp	«Glidelåsen» Klepp-
	Møte om «Tett på» mellom fagstab i Time og Bryne vgs	Skuleeigar Rektor Ungdomskoordinator/rep ungdomsteam Rådgjevar Helsesjukepleier	Tett på» Time
Mai	Kontaktmøte med vgs og ungdomsskulane om ungdomskullet som kjem til hausten. Samtykkeskjema i forkant	Skuleeigar set opp møteplan. I samhandling med sosiallærar, sos.ped rådgjevar og hsesjukepleier	Klepp 2021 Time 2022
Innan 15.juni	Møte med elev og føresette og avdelingsleiar på Øksnevad / BVS og repr. På ungdomsskulane om elevar som er søkt inn på særinntak.	Avd. leiar på dei respektive utd.program kallar inn Rådgjevar Helsesjukepleiar	